



Bjerkreim kommune
Oppvekstkontoret, Postboks 17
4389 VIKESÅ

Tilbakemelding etter kontakt- og tilsynsbesøk i Bjerkreim kommune 04.02.03

Utdanningsdirektøren hos Fylkesmannen i Rogaland var på kontakt- og tilsynsbesøk i Bjerkreim kommune 04.02.03. Skolevurdering og kvalitetsutvikling var hovudtema for besøket. Temaet blei klargjort gjennom samtalar/intervju med representantar frå leiinga i kommunen, samt skoleleiarar, leiar for PP-tenesta og representantar for lærarar, foreldre og elevar frå Bjerkreim skule og Vikeså skule.

Følgjande personar deltok ved kontakt- og tilsynsbesøket:

| | |
|----------------------|--|
| Marthon Skårland | ordførar |
| Olav Friestad | rådmann |
| Magnor Oma | personalsjef |
| Tor Sverre Fuglestad | nestleiar i Utval for levekår |
| Lars Iversen | oppvekstsjef |
| | |
| Dag Voigt | rektor Bjerkreim skule |
| Cristopher Songe | rektor Vikeså skule |
| Kim Jensen | plasstillsvald Bjerkreim skule |
| Olav Vølstad | plasstillsvald Vikeså skule |
| Anne Brit Mear | FAU-leiar Bjerkreim skule |
| Gaute Bjørnsen | FAU-leiar Vikeså skule |
| Vibeke Spødevold | nestleiar elevrådet ved Vikeså skule |
| Ole Arnfinn Røysland | representant elevrådet ved Bjerkreim skule |
| | |
| Svein Helgesen | utdanningsdirektør |
| Audun Gjerde | rådgivar |
| Marta Vignes Steine | rådgivar |

Intervju/samtaler med fokus på skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling

Første del av kommunebesøket var sett av til strukturerte samtaler/intervju med informantar frå skole og PPT.

Samtalane tok utgangspunkt i eit sett av spørsmål som vert nytta ved kontakt- og tilsynsbesøk i alle kommunar. Fleirtalet av spørsmåla er felles for alle informantgruppene. Samtalane var organisert gruppevis. Hovudtema i samtalene er kommunen/skolane sitt arbeid med lokalt basert vurdering og kvalitetsutvikling, med utgangspunkt i Forskrift til Opplæringslova, §2-1:

” Skolen og lærebedrifta skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i den generelle delen av læreplanen og dei enkelte læreplanane for fag.

Kommunen og fylkeskommunen har ansvar for å sjå til at vurderingane blir gjennomført etter føresetnadene.”

Hovudtrekka frå samtalane er stikkordsmessig oppsummert i eit skjema som følgjer denne rapporten som eige vedlegg, unntatt offentlegeita. Denne oppsummeringa er å sjå på som internt grunnlagsmateriale for utdanningsdirektøren sitt arbeid med tilsynsrapporten, men kan også vere nyttig som intern informasjon for kommunen. Vi erfarer under slike samtalar at spesielt foreldre og elevar kan oppleve temaet skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling som noko vanskeleg å uttale seg om. Utdanningsdirektøren vil derfor presisere at den skjematisk oppsummeringa berre tar mål av seg til å referere og få fram informasjon, synspunkt og vurderingar som kom fram under samtalane med informantane frå skolane. Generelle vurderingar og konklusjonar på bakgrunn av samtalane er tekne med i sjølve tilsynsrapporten.

Aktuelle saker/tiltak i skolane i Bjerkreim – orientering og drøfting

Andre del av kommunebesøket var sett av til informasjon/drøfting av aktuelle tema som kommunen hadde uttrykt ønske om å setje på dagsorden. Størstedelen av tida gjekk med til informasjon frå kommunen si side, via representantar frå ulike ansvarsområde.

Rammer og ressursar

Skolane har eige budsjett og økonomiansvar. Rektor har ansvar for å tilsetje i vikariat inntil eit år. Andre tilsettingar skjer sentralt, men rektor har ei viktig rolle. Det vert brukt intervju i tilsettingsprosessen. Det er god tilgang på kvalifisert personale. Kommunen er oppteken av at dei økonomiske tilhøva i Bjerkreim skolane skal vere stabile og prega av kontinuitet. Dersom skolane sparer pengar, får dei behalde overskotet innanfor visse rammer. Rektor har direkte kontakt med økonomisjef, men rapporterer via oppvekstsjef til økonomisjef og politisk utval. Tildelinga til skolane ligg greitt over minstenorma, og GSI- tala viser at Bjerkreim ligg midt på treet når det gjeld ressursar til spesialundervisning og delingstimar.

Skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling

Kommunen arbeider planmessig og systematisk med skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling i skolen. Oppvekstsjef har nær kontakt med dei to skolane. Kommuneniå har stor tillit til personalet i skolen, og meiner at dei har ein kvalitativ god skole. Dei er likevel usikre på kor mykje dei skal blande seg inn i skolen sitt arbeid. Skolane er gode til

sjølv å evaluere arbeidet sitt. Brukarundersøkinga viser at folk jamt over er nøgde med skolen sin.

Bjerkreim kom relativt dårleg ut ved avgangsprøva i norsk skriftleg våren 2002. Årsakene har vore drøfta. Ein ønskjer ikkje ei overfokusering på dette eine resultatet. Det blir ikkje sett i verk kortsiktige tiltak, men ein har som mål å arbeide kontinuerleg med kvalitet og få noko positivt ut av ei sak som i utgangspunktet er opplevd som negativ.

Skolesaker er sjeldan oppe i kommunestyret; sakene blir tatt opp i levekårsutvalet. Fokus er helst på verksemdsplan og årsmelding.

Oppsummering/vurdering

Følgjande oppsummering/vurdering frå utdanningsdirektøren byggjer i hovudsak på inntrykka frå samtalar og informasjon under kontakt- og tilsynsbesøket, i tillegg til gjennomgang av skriftleg materiale innsendt frå kommunen i førekant av besøket.

Utdanningsdirektøren sitt hovudintrykk er at skolane i kommune vert drivne med stort engasjement og fagleg innsikt frå både kommune- og skolenivået si side. Besøket gir ei rimeleg godt dokumentert vurdering av kor langt kommunen er komen i arbeidet med å forankre intensjonar og prinsipp i kommunale skolevurderings- og kvalitetsutviklingsdokument. Samtalane gir eit klart inntrykk av at ein både på kommune- og skolenivå er opptatt av og arbeider målmedvite med dette. Skolane synest å ha stor grad av sjølvstyre, samtidig som kommunen med jamne mellomrom følgjer opp sitt ansvar for å sjå til at skolevurderingsarbeidet blir tatt på alvor.

Med bakgrunn i samtalanene med lærarrepresentantane synest det som om det pedagogiske personalet verdset både skolen og kommunen sitt utviklingsengasjement og kompetanse på dette området. Det blir likevel etterlyst noko meir rom for tid og ettertanke med omsyn til det daglege arbeidet i skolen, og åtvare mot ei utvikling med meir fokus på system og planverktøy og mindre fokus på relasjonen til elevane. Ein åtvarar mot å spele for mange ballar opp i lufta på ein gong.

Skolane synest å ha eit bevisst opplegg for samarbeid med foreldre og elevråd. Foreldra ved ein av skolane har vald ein prosjektmodell med sikte på å kunne utnytte foreldreressursane betre. Utdanningsdirektøren synest dette er løfterikt, men registrerer at ei slik organisering stiller større krav til både skolen og foreldra enn tradisjonell organisering av skole-heim-samarbeid. Foreldre og elevar gav uttrykk for at dei opplever å bli tatt med på råd i utviklingsarbeidet, men det synest framleis å vere eit utviklingspotensiale på dette området.

Det synest som om skolane er opptekne av å dra elevane aktivt med i utviklinga av skolen.

Med bakgrunn i inntrykka frå kontakt- og tilsynsbesøket vil utdanningsdirektøren framheva spesielt følgjande utfordringar i det vidare arbeidet:

- *Vidareføre det systematiske arbeidet med skolebasert vurdering og kvalitetsutvikling i skolane.*

- *Arbeide bevisst for å gjere skolevurdering til ei sak for heile organisasjonen, slik at alle partar får eit eigarforhold til dette.*
- *Involvere PP-tenesta endå meir i systemarbeidet i skolen og utnytte PP-tenesta sin kompetanse i utviklingsarbeid innanfor det spesialpedagogiske området.*
- *Styrkje elevane sin medverknad, både i høve til planlegging og gjennomføring av læringsarbeidet.*
- *Ivareta og vidareutvikle foreldra sitt engasjement og deltaking i utviklingsarbeidet i skolen.*

Utdanningsdirektøren vil avslutningsvis takke Bjerkreim kommune for eit hyggeleg og godt tilrettelagt besøk, god informasjon og konstruktiv dialog.

Med helsing

Svein Helgesen
utdanningsdirektør

Marta Vignes Steine
rådgivar

*Saksbehandlar: Marta Vignes Steine
Saksbehandlars telefon: 51 56 87 27
E-post: marta.vignes.steine@fm-ro.stat.no*